



# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Lesja kommune  
Postboks 53  
2671 Lesja


26.11.2025

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
33-25

Dykkar ref:  
2024/652

## 33-25 Høyrig – unntak frå reglane om bandtvang – taksering av rype – Lesja kommune

Lesja kommune har sendt søknad om unntak frå reglane om bandtvang på høyring til villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen. Det blir søkt om femårig løyve til taksering av rype i mellom anna Lordalen. Taksering i dette området vil skje i regi av Lesja fjellstyre. Resultata frå takseringa blir lagt inn i Hønsefugleportalen saman med tidlegare data, og vil vera tilgjengeleg for forskning og for fjellstyrets langsiktige forvaltning av rype.




Figur 1: Oversiktskart som syner dei ulike takseringslinene, samt dei ulike lineansvarlege. Kart: Norgeskart Friluftsliv. Kjelde: Søknad frå Lesja fjellstyre (via Lesja kommune).

Frist for innspel er fredag 28. november 2025.

### Vurdering:

Nesten heile den europeiske bestanden av villrein finn ein i Norge. Vi har derfor eit spesielt ansvar for å ta vare på og forvalte villreinen slik at også framtidige generasjonar kan oppleve levedyktig bestand av villrein. Reinheimen-Breheimen villreinområde er eit nasjonalt villreinområde og ein del av Europeisk villreinregion. Villrein er oppført som trua art på den globale raudlista og som nær trua på den nasjonale raudlista. Villreinen lever i eit ekstremt miljø og det skal lite til før villreinen blir forstyrra med negative effektar på kondisjon og arealbruk. Reinheimen-Breheimen villreinområde er vurdert til å ha middels kvalitet etter kvalitetsnormen. På lengre sikt er målet god kvalitet. Det er derfor viktig å legge til rette for at villrein kan få betre tilhøve i staden for å gi løyve til tiltak som kan ha negative konsekvensar for villrein

Lordalsområdet er aktuelt for rypetaksering. Det er eit av dei viktigaste funksjonsområda for villrein i Reinheimen. Det er kalvings- og oppvekstområde på både sider av Lordalen og viktige trekkområde som blir brukt gjennom hele året.



**Figur 2.** Kart over Lordalsområdet der det er aktuelt med rypetaksering. I kartet ser ein også kalvingsområde for villrein (brun skravur) og registrerte trekkområder (grøn skravur). Kartet er henta frå naturbase.no.

I og med at dette området er veldig viktig for villrein må en i takseringsarbeidet gjere avbøtande tiltak for å redusere negativ effekt på villrein. Villreinnemnda støttar vurderingane til Lesja kommune. Det er bra at det blir stilt fylgjande vilkår:

- Hundar som blir brukt skal kunne kallast inn i alle situasjonar.

- Taksering skal ikkje skje om villrein er innanfor synsavstand frå det området som skal takserast. I ein del saker med transportformål har ein brukt 500 m som minste avstand til villrein. Det kan vera nærliggjande å legge seg på same nivå her.
- Dei som er ansvarlege for takseringa skal ta kontakt med villreinutvalet *før* takseringa for å sjekke om det er ferske registreringar av villrein i området og utifrå dette styre takseringa til tidspunkt/område med minst sjanse for å treffe på villrein.

**Vedtak:**

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen støttar vurderingane til Lesja kommune. Følgjande vilkår må bli stilt for at gjennomføringa skal vera forsvarleg med tanke på villrein:

- Hundar som blir brukt skal kunne kallast inn i alle situasjonar.
- Taksering skal ikkje skje om villrein er innanfor synsavstand frå det området som skal takserast. I ein del saker med transportformål har ein brukt 500 m som minste avstand til villrein. Det kan vera nærliggjande å legge seg på same nivå her.
- Dei som er ansvarlege for takseringa skal ta kontakt med villreinutvalet *før* takseringa for å sjekke om det er ferske registreringar av villrein i området og utifrå dette styre takseringa til tidspunkt/område med minst sjanse for å treffe på villrein.

Helsing

Johan Berge  
Leiar



Tor Taraldsrud  
Sekretær